

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Høringsuttale frå Landslaget for lokalaviser (LLA)
til

Tillegg til høringsnotat om produksjonstilskott, knyta til utbytte, bruk av
støtta og tilskottsatsar

Vi viser til høyringsbrev datert 30.04.2013.

Landslaget for lokalaviser ser positivt på den fornying regjeringa foreslår for produksjonsstøtta til aviser, med utgangspunkt i Mediestøtteutvalet si utgreiing. Det er rett å gjere produksjonstilskottet uavhengig av distribusjonsform, men det er samstundes viktig å ikkje favorisere nye distribusjonsformer framfor papir. Avis på papir har mange kvalitetar og det er ein realitet at det ikkje er automatisk at samfunnsoppdraget kan løysast like godt på digitale plattformer. Uansett vil papir og digitale produkt leve side ved side i mange år framover. Den største utfordringa er finansiering av journalistikken på reine digitale produkt.

LLA synest at det er uheldig at det i tillegget som vart sendt ut til høyring ved årsskiftet vart tatt opp til vurdering spørsmål som ikkje har gjennomgått same grundige utgreiing som andre sider ved rammevilkåra. Det er ikkje gjort ei skikkeleg utgreiing av konsekvensar av støtte til laussalsaviser.

Tillegget som nå er sendt ut til høyring oppfyller krava til å vera vurdert og utgreia tidlegare.

Generelt om forslaga

Fleire utval som har sett på rammevilkåra for media og vilkår for

produksjonsstøtte, har foreslått oppmjuking av forbudet mot utbytte for aviser som mottar produksjonstilskott.

Landslaget for lokalaviser ser positivt på at det i høyringsnotatet nå blir forslått å erstatte utbytteforbudet med høve til å utbetale moderat utbytte.

LLA meiner at dette må skje innan faste rammer for at ordninga ikkje skal miste legitimitet.

Men utbytteforbudet er i dag med på å forsterke ei utvikling med mindre mangfald på eigarsida.

Dersom lokale eigarar ikkje får høve til ein gong å gi utbytte til å dekkje renter på innskoten

kapital, og/ eller til å betala skatten på aksjane, er det ikkje lett å oppretthalde lokalt eigarskap, eller endå viktigare; få tilført meir lokal kapital når det trengst, anten for å berga ei avis eller for å finansiere nødvendig satsing.

LLA ser positivt på forslaget om å ha vilkår som avgrensar storleiken på utbytte knytt opp mot overskot, eigenkapital og rentenivå.

Etter vårt syn er det uheldig og ulogisk om utbetaling av utbytte skal vere knytt til motteke

produksjonstilskot det aktuelle året. Prinsippa for utbytte må først og fremst følgje krava i aksjelova, som det også vert føresett i høyringsnotatet. I tillegg kan det vera knytt til storleikar som er relevante i høve arkastning på den innskotne kapitalen. Forslaget om å basere seg på gjennomsnittleg rente for 10 års statsobligasjonar i året før tilskottsåret, ser LLA som eitt av fleire fornuftige alternativ.

Men LLA meiner at det i tillegg til eit utbytte tilsvarande statsobligasjonar må vere høve til å rekne inn litt for risiko, og vi står ved tidlegare framsett forslag om to prosent tillegg. Utan dette tillegget vil investorar kunne få høgare rente ved å plassere pengane i bank enn ved å investere i avisaksjar som inneber risiko.

Når det gjeld forslaget om eit tak på maksimalt 500.000 kroner årleg i utbytte kan LLA også slutta seg til dette. Likeeins sluttar vi oss til at same

reglar for utbytte også skal gjelde for konsernbidrag.

Vilkår for bruk av støtte

Landslaget for lokalaviser støtter at det blir lagt til eit punkt som presiserer at konserninterne transaksjonar skal vera forretningsmessig grunnlagt i støttemottakars interesse og vera på forretningsmessige vilkår. Vidare at det samme skal gjelda for avtalar mellom støttemottakar og aksjonær eller leiinga i selskapet.

Vi ser det som naturleg at det i forskriftene blir gitt heimel til å kontrollere at støttemottakarar oppfyller krava som er sett for å motta støtte.

Tilskott satsar for nummer to medier. Frå Oslo-sats til rikssats

Prinsipielt meiner LLA at rammevilkåra skal vera uavhengig av utgjevarstad.

Vi finn det uheldig at det skal vera ein fordel i rammevilkåra å vera lokalisert i dei største byane. Men vi i Landslaget for lokalaviser tar høgde for at vi ikkje har full oversikt over korleis forskjellige løysingar vil slå ut for dei media dette er tenkt å finne ei god løysing for.

Når det gjeld dei konkrete forslaga elles meiner vi det er uheldig å stilla krav om ein bestemt utgjevarfrekvens til minst seks (6) utgåver i veka. (PS! Trykkfeil i forslaget, 3 gonger daglig...)

Alle medier er viktige for meningsmangfaldet og representerer kvar sine ståstader. Dei er viktige uavhengig av utgjevarfrekvens. Utgjevarfrekvensen blir ofte avgjort av kva som er økonomisk muleg, altså annonsemarknaden. Det er betydinga av innhaldet i den enkelte avisutgåva som er viktigast, ikkje frekvens i seg sjølv. Det kan rett og slett svekkje kvaliteten om forskriftene stiller krav om utgåver alle kvardagar og slik "tvingar" eit media til å prioritera frekvens framfor kvalitet.

Til slutt vil vi nok ein gong be om at definisjonen på avisgrupper blir omformulert når det gjeld

lokalavisene. Nummer ein og aleineaviser er faktisk feil for svært mange; ja dei fleste lokalavisene.

Alle lokalaviser har ei større dagsavis som meir eller mindre er konkurrent. Svært mange fådagarsaviser har lågare husstandsdekning i sitt primærområde enn dagsavisa, og det er hard konkurranse på annonsemarknaden. Konkurransen er forsterka med digital publisering. Lokale fådagarsaviser (ein til fire utgåver i veka) bør difor enkelt og greitt definerast som

lokalaviser med mellom 1000 og 6000 i opplag. Dette er og i tråd med forslaget frå

Mediestøtteutvalet.

Konkret forslag frå LLA til dei direkte spørsmåla i høyringa.

§6 fjerde ledd (*endningsforslag i kursiv*)

Selskap som mottar produksjonsstøtte kan betale utbytte til aksjonærane på følgjande vilkår:

1. Utbytte per år kan maksimalt tilsvare summen av
 - a) renten på selskapets egenkapital, fastsatt i henhold til gjennomsnittlig effektiv årsrente for statsobligasjoner med en løpetid på 10 år i året før gjeldene tilskuddsår.
 - b) I tillegg til utbytte etter 1a kan det tas utbytte på 2 prosent av selskapets egenkapital, for den risiko investeringen representerer

pkt 2. i forslaget utgår og blir erstatta av nytt pkt.2.

2. Utbytte per år kan maksimalt utgjøre kr. 500.000,-

Selskap som i tilskuddsåret deler ut utbytte i strid med denne bestemmelsen har ikke rett til tilskuddsmidler, med mindre det gis dispensasjon etter #9. For selskap som inngår i konserndannelser, skal konsernbidrag regnes som utbytte.

§ 6 femte ledd

LLA støtter forslaget

§ 6 sjette ledd

LLA støtter forslaget

Ny §6 syvende ledd

LLA støtter forslaget

§7 andre ledd, 1.pkt

Endringsforslag frå LLA

Sats 1

c. medier som kommer ut minst en gang hver uke.

Sats 2 og 3 blir slått saman slik:

Sats 2: Øvrige medier

Oslo 23. mai 2013

Landslaget for lokalaviser

Ståle Melhus (s)

Rune Hetland (s)